

STORDAL KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING
03.04.2014

Kopi til: Ordfører
Revisor
Rådmann

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I STORDAL KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

onsdag, 09.04.2014 kl. 10.00
på rådhuset

SAKLISTE:

- « 05/14 - Godkjenning av møtebok frå møte 20.03.2014
- « 06/14 - Oppdrag frå kommunestyret om undersøking på bakgrunn av tilsynsrapportar
- « 07/14 - Orientering frå rådmann om:
Føring av offentleg postjournal, Prosjektet «Langtidsfrisk», «Saman om ein betre kommune» og «Kompetanseløftet»
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no

Ingrid Løset
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
STORDAL KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 20. mars 2014, kl. 10.00

Møtestad: Stordal Rådhus

Møtet vart leia av: Ingrid Løset

Elles til stades: Jonas Falch og Roger Lillebø

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Stordal kommune møtte ordførar Charles Tøsse og rådmann Lars Joranger i sak 02/14 og 04/14.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste

Leiar Ingrid Løset stilte spørsmål ved eigen habilitet i sak 02/14 og 04/14 og forlet møtet. Det vart deretter gjort samrøystes vedtak om at Ingrid Løset er habil.

Ingrid Løset tok sete på nytt.

SAK 01/14

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 25. NOVEMBER 2013

Ved gjennomgangen vart det opplyst at problemstillingane knytt til sak 21/13 no var ordna opp i.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte i kontrollutvalet 25. november 2013 blir godkjent.

SAK 02/14

PRAKSIS VEDKOMANDE MØTEBØKER I STORDAL KOMMUNE

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 10.03.2014

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet sluttar seg til dei konklusjonane som kjem fram i saksutgreiinga.

SAK 03/14

UTGREIING OM ORGANISERING AV REVISJONSDISTRIKT – ORIENTERINGSSAK

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 10.03.2014

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 04/14

TILSYNSRAPPORTAR FRÅ FYLKESMANNEN

Saksdokument datert 13.03. 2014 frå kontrollutvalsekretariatet
Orientering gitt av ordførar og rådmann

Tilsyna var innan helse- og omsorgstenestene i Stordal kommune.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet ser alvorleg på dei tilstandane som tilsynsrapportane avdekkjer.
2. Kontrollutvalet vil følgje opp desse sakene i sitt vidare arbeid.
3. Tilsynsrapportane må føreleggast kommunestyret i førstekomande møte.

Ingrid Løset
leiar
(sign.)

Jonas Falch
nestleiar
(sign.)

Roger Lillebø
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Stordal kommune

Dato: 03.04.2014

**SAK 06/14
OPPDRAG FRÅ KOMMUNESTYRET OM UNDERSØKING PÅ BAKGRUNN AV
TILSYNSRAPPORTAR**

I sak 04/14 om tilsynsrapportar frå fylkesmannen fatta kontrollutvalet slikt samrøystes vedtak:

- 1. Kontrollutvalet ser alvorleg på dei tilstandane som tilsynsrapportane avdekkjer.*
- 2. Kontrollutvalet vil følgje opp desse sakene i sitt vidare arbeid.*
- 3. Tilsynsrapportane må føreleggast kommunestyret i førstkomande møte.*

Med utgangspunkt i dette vedtaket fatta Stordal kommunestyre i møte 26.03.2014 i sak 023/14 slikt vedtak:

- 1. Kommunestyret ber kontrollutvalet om å undersøkje årsaka til dei mange og alvorlege avvika som kjem fram i tilsynsrapportane som gjeld dei kommunale helse- og omsorgstenestene.
Hovudfokus for undersøkinga bør vere den administrative leiinga si evne til å etablere intern kontroll i den kommunale tenesteproduksjonen innan helse- og omsorgssektoren.*
- 2. Dersom kontrollutvalet finn det rett å innhente ekstern hjelp i denne prosessen, vil kommunestyret stille til rådvelde naudsynte midlar.*
- 3. Stordal kommunestyre ber rådmannen legge fram ein plan for korleis ein kan etablere gode administrative rutinar innan helse- og omsorgssektoren, slik at kommunen i framtida kan ivareta pliktene sine etter lovverket på ein forsvarleg måte.
Frist: seinast innan kommunestyremøte 25.06.2014
Kommunestyret forventar å verte orientert om framdrifta gjennom skriffilege raspportar til kommunestyremøta i tida framover.*

I møtet er det mellom fleire forhold også aktuelt å drøfte både behovet for ei prosjektskisse og ein framdriftsplan for undersøkinga.

Harald Rogne
dagleg leiar